

Generelle Vilkår

NÆRINGSHAGEBEDRIFT

Forpliktingar jf. avtalen

Partane i denne avtalen forpliktar seg til open og gjensidig informasjonsutveksling, nettverksdeling og erfaringsutveksling om førehald som er viktige for utvikling av næringshagemiljøet. Partane skal vere engasjerte og aktive i arbeidet om å utvikle næringshagemiljøet og komme med konstruktive innspel slik at NH kan realisere sine mål i samband med NH-programmet.

Næringshagane og målbedriftane skal gjensidig profilere sin deltaking i næringshagemiljøet der det er naturleg.

Målbedriftane forpliktar seg til å overlevere informasjon og dokumentasjon, samt yte den bistand som er nødvendig for at NH skal kunne oppfylle sine rapporteringspliktar. Dei forpliktar seg til å delta på 1-ein-utviklingssamtale med NH pr. år, **samt å svare på den årlege kundeundersøkinga.**

Teieplikt

Partane forpliktar seg til å halde all informasjon dei får tilgang til gjennom denne avtalen og sitt vidare samarbeid teielagt og konfidensielt. Dette gjeld også informasjon knytt til andre bedrifter og etableringar i næringshagenettverket. Teieplikta gjeld og etter avtalens opphøyr.

Avtalens varigheit

Avtalen trer i kraft ved undertekning. Samarbeidsavtalen kan seiast opp med tre månadars skriftleg varsel. I spesielle tilfelle som konkurs, opphøyr, fusjon eller liknande kan NH sei opp avtalen med augeblikkeleg verknad.

Samarbeidsavtalen opphøyrer med augeblikkeleg verknad dersom NH ikkje lenger mottar FoUoI- tilskot frå SIVA.

Det er opent for reforhandling av avtalen etter 1 år. Prisjusteringar på avtalane kan skje årleg med skriftleg varsel.

Ansvar og misleghald

Næringshagane ber under ingen omstende noko erstatningsansvar ovanfor målbedrifta, dens eigarar eller tredjepartar i samband med dei tenestane næringshagane yt til målbedrifta. Dersom målbedrifta mottar støtte utan at vilkåra for oppfølging, rapportering eller finansiering er oppfylt, kan Næringshagane krevje heile eller delar av støtta tilbakebetalt.

Tvisteløysing

Denne avtalen følgjer norsk lov. Partane forpliktar seg til å forsøke å løyse eventuelle konfliktrar i forhandlingar. Lykkast ikkje dette, vel partane dei ordinære domstolane. Partane vedtar Hordaland tingrett som vernetting.

Avtalen er utarbeid i 2 - to - eksemplar og partane beheld kvart sitt eksemplar.

Kontakt:

Gulen, Matre:

Veronica Haveland, 450 02 969

vhaveland@gmnh.no

Austrheim, Solund:

Kate Bentzen, 482 07 257

kate@nh-nh.no

